Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sauda

Emne: Transport av höy. | Bygdelag: [illegible]

Oppskr. av: Jon Solberg (Hylen) | Gard:

(adresse): Flögstad Sauda | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

På mindre gardar og husmannsplassar der hest var eitt sjeldan dyr, bar dei alt höyet til husar på fög. I heia slo dei som regel meir höy enn heime. Ja det var ikkje sjeldan att dei kunde ha frå 10 til 40 lass i heia, her spelte sumaren ei viktig rolle. Var det turkesumar til dömes, slik att graset sveid av heime, måtte dei tyd til heia, og der fora so mykje att dei kunde koma velberga vinteren igjenom. Både husmenner og folk frå större gardar slo so mange slåtter dei berre vann ~~vann~~ på. Sjölvsagt var husmanns-slåttene mindre og ringare men til vederlag kunde dei byteslå eller leigd slått av slike som hadde rikeleg, eller det var so langt til fjells att

4459

2

eigaren ikkje såg seg syn på det sjölv. Solen kunde mange husmenner slå i samheite like op til 2 mil inne i heia. Ja sume slår enno litt i heia, so det er ikkje heilt slutt. Under siste krig tel dömes var heiaslåtten atter i akt og ara. Kvi det har vore likt for alle båden liten og stor. No ser alle på heia-slåtten som eitt naudaberg, fyrr i tida var det leveveg, både for husmann og bonde. Ein som ikkje hadde hest bad ofte dugna, men mykje drog dei på „Drågekjelke" (ein) Vanlegt lass for ein mann på vinterföre er 3 börar (i ei bör er 4 fenggjer)
Allt höy i heia vart bore på fog, både til stakk og löa, og kjört med hest, eller drege heim på vinterföre. Sloa höy var mykje bruka, men berre um vinteren. Ein sloar berre frå stader der det er so ulendt og bratt att hest ikkje kjem fram. Eitt hestelass på vinterföre er vanlegt å sloa. Ein lesser som vanlegt högast bak og lågast framme. Fyrst legg ein ut 3 knippe for det

4459
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

omeste reip, deretter 4 omlåger (ei)
og so legg ein høy oppå i store
flak eller fengjer; men alltid
soleis att bakenden vart
høgast og breidast. Når ein
so har lagt på til ein tykkjer
det er lass nok, (7 børar er det
vanlege i eitt lass) legg ein
4 omlåger på kvar sida, og
ei på toppen av lasset.
So knepper ein fyrst midt-
kneppe deretter endane.
Det gjeld om å dra det godt
saman

Ein må minst vera 2 mann
for å sloa eitt lass helst 3.
Dei 2 går då på kvar si sida
av lasset, og passar på att
det ikkje velt eller snur seg
Den 3dje firer. Han set i
firinjå. Det er ei lang lina
eller tog som er sett fast i
lasset, og med det bremsar
ein av farten. Der det er
bratt og ulendt er sloinga
ofte eitt farlegt arbeid
Soleis fortelst det om 3 karar
som skulde sloa eitt lass
ned ei bratt og skarehard
brekka. Han som sat i
firinjå miste lina, og det
bar avstad med lasset og
dei 2 andre. Lina kom
buktande som ein stor
orm, og slo seg 2 gonger

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4459

rundt halsen på den eine av karane, som soleis vart dregen med eitt heilt stykke til all lukka kveila linna seg av att etter å ha drege mannen med seg ein 50-60 m. Han var då sanse-laus etter kvelartaket og den ville fart, men bein-heil, so han kraunna fort til att.

Det vanlege å bera höy på ei börataug. Fyrr vart bastataug mykje bruka. Tauje legg ein dubbelt, og set hegl (lei) på i buktå. Ein legg ut tauje på ein stad som er noko-lunde jamn og flat. Det har mykje og alt å segja att börå er bein når ho skal berast. Dei 3 fyrste fenggjene vart lagde rette vegen, det vil segja med tunnaste flaten mot heglå. Den 4 de og sista vart lagd motsett.
Ein held tauje yver hovudet når ein ber höy. Ja beraren får alltid hjelp til å reisa seg. Han som hjelper står bak og lyfter. Ja borna er med for å læra, og vera til hjelpes der ei hand kan trengast.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Rodder og rodding av höy er mykje brúka. Rodda er laga som grov not. Det hiter. Eg har vore å rodda ved höy eller. Du driv med rodding.
Til frakting av höy er löypestreng mindre brúka, men til frakting av ved derimot er löypestreng mykje brúka, då serleg under, og dei fyrste åra etter siste krig
Det var på garden Hústveit att fyrste löypestrengen, vart uppsett og pröva. År 1888. Den har sidan vore brúka til transport av höy lauv og ved. Same strengen står enno, og er framleis i brúk.
Det kan nemnast at det var ein Fant som sette op strengen, og synte nokre bönder korleis han skulde brúkast. Då fyrsta lauvbåra kom sa ein av böndene „Jog. det gjekk, men so er det berre kromlauv"
Då lo fanten og sa: „Du som ~~er~~ er bonde burde veta att kromlauv er tyngsta og besta lauvet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hjulbår er eitt gamalt og
mykje bruka reidskap. Ho
er eins laga som vanleg
hjulbår, og vart bruka til
transport av hevd, høy og ved
Nei noko svore reidskap er
ikkje bruka til høy frakting
Høyet kjøyrer ein heim på
vinter jöret.
No er langkjerra det vanlege
med høygrind, eller overlegg
for hjula. Langkjerra er frå
4.5 m til 5 m lang med skjekene
(ei skok)
Det eldste høysled ein kjenner
til er Rångsled (ein)
Han var laga som vanleg tre-
sled. Meiarne om tre og skoning
Stabanna (eitt) var av tre
likeens veine (eitt) og sjön-
vidjene (ei) var laga av vidjer
På ein skoningsled er dei
nemde ting av jarn.
Rånnja var laga av sjölv-
vaksne kalvmåne forma tre
som regel bjørk
Ein svoren kalvmåne
vart sett op på sleden
med (skjydl skjydl) med slik
att endane stod op. Ein
framme ein på midten
og ein bak. Dei batt so
Skrångler (ei) eller såter (ei)
fast med vidjer opetter sidene

4459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og i botnen. Endane var opne avdi dei alltid fenmja høyet då dei lesste. Det var soleis ikkje naudsynt med grind i endane.
På tungvinte og brattlende gardar ver hjulsled mykje bruka. Den er laga som langkjerra utan skjeker hjula kjem lenger bak og framenden er laga oppå ei dråg og fastbunden med skengelse(?)fog. fyrr bruka ein vidjer.
Dråja er utan skoning og laga av sjølvforma bjørk til drakjinne (ei)
Drakjinnå er sjølvbøyga som sledmei bak med ei grein på som lagar ei kluft
Kjinnunje (ein) (Kjinnånnje)

Drastokken (ein) vart laga so att han krylar litt, og vart laga oppi kjinnungane med krylen opp.
Dråja åleine vart bruka til tømmer og vedkjøyring

Dragsled er den slag som vart mest bruka på tøkkå (kar mark) til transport av ved høy. o.a.
Dragsleden er soleis laga att han er framkomande med


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

varsagt alle staden der hest
kan ferdast. Den er av
storleik som vanleg meiasled
og laga omlag som denne, men
utan hav-(eik) eller höga framme
Frammendan vart laga oppå
ei dråg og der fastbunade med
sterk streng eller tåg fyrr
berre vidjer!
Slovintkar (ein) er dragsleden
sitt tilsvarande reidskap. til
ved og höykjöring
Til höy og kornkjöring vart
same kjörereidskapen brukt.
Eitt sumarlass vart ikkje rekna
i pundjer eller byrdar. Han som
lesser segjer frå når han tykkjer
det er nok. Storleiken kan soleis
vera so ymse. Ser ein til dömes
at ein på sista lasset kan
få nebba med seg etterrakstern
på ei ekra, gjer ein det sjölv
om det vert i tyngsta laget for
hesten. Ein annan gong må
ein gjerne gjera vendal, og då
vert lasset mindre. Det må
aldri ligga noko att, kvart
strå må nebbast til husar
Lasset vart kneppt med tåg
eller höytong. Höytongi er laga
av ei sjölvtaksi björkeklupt
omlag 1,5 m til 2 m lang med
eitt seigt askestykke til
tverrtre. — —



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tåjet kallar ein kneppe, (eitt) men det heiter. Har du jort fast lasset, eller har du jort op tåjet.

Same hegl vart brukt til båe slag tåg. Ein höystakk vart alltid stekkt i höve til vinterlass. Ein lassastakk er 7 börar 2 lassastakk og 3 lassastakk, noko större vart dei sjeldan stekkte. Det meste bruka er lassastakk. Berre ein hest vart bruka for höysleden sommar som vinter.

Heiaslått er gamalt her i bygda og dermed transport av höy på vinterföre. Noko brigde har det vel vorte med ymse slag skikkar, men reidskapene og måten å lessa eitt lass på til dömes er i det store heile sameleis i dag som fyrr. Sjölvsagt slo dei mykje meir i heia fyrr enn no av mange grunnar. Dei dyrka til dömes meir korn. Jorda var arm på grunn av helvdmangel, og avlingane små.
Det gamle folk veit å fortelja om höykjöyring er likt frå dei ymse staden i bygda
Alle minnast dei dagar med slit og bröyting i djup snö

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men og dagar då mann og
hest gjekk uppå skaren som
hjupa. Eg skal her pröva og
skildra ein höydag slik eg
har höyrt gamle folk fortelja.
Sledar og reidskaper vert etter-
sett og völt i god tid fyreåt,
soleis att det ingi hefte var
med det då dagen kom.
Sume av dei som hadde
höy i heia tok seg gjerne ein
tur fyreåt for å sjå på före
pröva isar på vatni, og måka
litt her og der. Med det sparde
ein seg for mykje arbeid den
dagen brautå (ei) i kulde leggast.
Var det mange som hadde
höy på same dalen la dei
lag fyrste dagen, for å hjelpast
åt med bröyting og måking.
Dei gjekk til arbeidet med
stort ålvår og omtanke. Ingen
ting måtte glöymast det vart
rekna for sladrv. Sleden vart
dregen ut på tunet og fyre-
buings arbeidet tok til
Fyrst vart Omlägedar (ei) 13 i
talet lagde på sleden, deretter
Knepejeå for det meste reip 4
i talet. So kyggar, spa, heistar
og öks. Ja kröysstikke (ei) og trygg-
föller (ei) måtte heller ikkje
glöymast. Reipstikke tok dei
av då julagrisen vart slakta.

4459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I regelen ein liten fleskesvor, men mange bruka og endetann og urin opdinnga av snugger
Ein stryk reypå med reypsteikå når ein krypper, for att det skal gå hålare gjenom neglå
Når so allt var påbunde og i ordn var det å vona på godver til morgondagen
Kl 4 om morgonen var dei oppe og gav hestane, ei bytta varmt drikka og ein vondel først høy var det vahlege. 1 til 2 timar seinare droy dei avstad.
I låglendet var som regel braut etter veda eller tømmerkjøring tidlegare på vinteren
I ~~[illegible]~~ krok og store svingar går vegen opetter bratte lidar og kleivar. Snøen aukar og hestane tek til å vassa, so krygane må på. Fyrst prøvar dei med ein halv gong det vil segja krygar på ~~[illegible]~~ bak-føtene
Stundom greider det seg heilt fram, men oftast må ein bruka heil gong
Set snøen seg under krygen går det bra, men er han råven (ein) og laus, so kan ikkje bokrar vart det somme og mykje slit for folk og hestar
Ikkje sjeldan måtte ein snu heimatt utan høy når føre var

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

solis. Komme fram til stakk
eller löa, måkar ein lessing (ei)
Det vil segja ein slettar og
jamnar snöen der ein skal
lessa lasset. So set ein sleden
til rette tek av alle reidskaper
og legg ut. Det vil segja ein
legg fyrst 3 knyppe med hegla
sunkvegen på bak og fram-
knyppe kvadtsett på midtknyppa
So legg ein 4 onnlåger oppå
med passeleg fråstand og
fjukkenden bak. Det merkelege
er att ein legg ut på sida
av sleden, (ikkje oppå som
mange vil tru) og lesser
lasset ferdigt. 4 onnlåger vart
so lagde på kvar sida, og
ei på toppen. So knypper ein
velter lasset yver på sida
set sleden bortöt, og velter det
oppå. So tek ein det 4/de
knyppe, ter det under
remorke (ei) på sleden og
knypper på ny. Löyser so
eitt av dei andre knyppa og
legg det under, for å smöyga
det som det fyrstnemnde og
knyppa. Soleis held ein på
til alle knyppa er tredde og
fastgjore på same måte, og
no fyl det sleden. Höylasset
ser elles mest ut som ein
sidesal. Höyet etter lessinga

4459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vert so nebba fint opp og nivl-
innatt i löa.
Då det er gjort byrjar heimferda
Lass etter lass kjem sigande
i krok og sving heimetter dalen
med sveitte blåsande hestar
i skjækene. Han som kjøyrer
går på högre sida av lasset
og held taumane med
vinstre hand. Med högre
hand har han omläge tak (eitt)
eller han held i eitt tagl
Den andre karen går på
venstre sida, og hjelper til
med halding og styring av
lasset. Stundom var det 3
karar om same lass. Den
3dje karen vart kalla „ågongs-
kar", og var til hjelpe med
eitt takk der det trongst.
Ved bratte bakkar vart reistar
lagde under sledemeiane for
å hindra skåt (eitt) Utan
reistar vilde ikkje hesten greida
halda lasset. Tek det ut på
stygge stader kan det gå reint
gale. Ja det har hendt att
hestar har brote bein soleis
Vanleg tale millom högkarar
lyder omlag soleis. Det var
ringt reistabet (eitt) i dag.
Ja han skaut svært på
Deller. I dag var det kold i
ar. Ja ein slapp fröikta


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
4459

for skåt idag. Reistane var i gamal tid laga av vidjer. Ofte vreid dei etter kvart som som dei trong, men helst hadde dei ferdiglaga med heimanfrå. No er reistane laga av grov jarnkjetting omlag ½ m lange.
Heime gjekk kvendi og glytte opetter vegen i dei tider dei venta karane heim. Då dei so vart vare fyrsta lasset tok dei varm mjölk eller hagletta og gjekk til vegar med.
Skikken sa att höykarane skulde ha varmt drikka fyrr dei kom til tuns.
I tunet stod varmt mjöl-drikka til hesten eller hestane for ofte var det fleire som kjöyrde til ein og same mannen. Stundom som leigekarar, men mykje var det dugna.
Var det leigekarar måtte ein av dei kjöyra fyrst til tuns. Han som leigde kjöyrde sist. Det var ei stor ære å få kjöyra fyrst.
Etter avlessinga vart karane bedne inn og til bords.
Det var alltid mykje og god mat på bordet kin höydag og det trongst for svoltne var

4459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei etter slit og strev.
Det hender stundom att ein
ikkje får med seg allt höyet
på siste lasset. (Gjerven (ein)
vart den höyasten kalla, og
turen etter gjerven vart
rekna for gjälsetur (ein)
Det kom og hemmost att
ein ikkje fekk med seg om-
lågen då ein henta gjerven
Örgariset (Ågariset (eitt)
vart då bruka til omlågen.
Ågaris er björkegreiner eller
små björk som vart lagde
i botnen på löa og höystakk.

Trugane var i gamal tid laga
av berre vidjer, dei vart og
fastbundne på hesten med
vidjer. Tryggfillene i regelen
gamle sokkar vart surra
rundt ~~[illegible]~~ togleen
på hesten til vern mot
vidjegnag eller trugegnag
No vert trugane laga av holt
eller eik. Botnar og opstöl (ei)
er av jarn.

4459
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING







Rodding frå høystakk.

4459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING